Distriktsstyret ved leiar har arbeidsgjevaransvar for tilsette i distriktslaget. Som arbeidarane sitt parti er det viktig å halde fokus på Raudt Hordaland si rolle som arbeidsgjevar, og vidareutvikla denne rolla med støtte frå Raudt sentralt. DS har ansvar for å halde kontinuerleg kontakt med gruppeleiar og fylkesgruppa i Fylkestinget. DS er også talerøyr for framlegg frå lokallaga inn i Fylkestingsarbeidet. I tillegg held DS tett kontakt med landsstyrerepresentanten, direktevalde representantar i Sentralstyret og Hordaland sin stortingsrepresentant, og støtter opp om desse.

Konkrete tiltak fram til årsmøtet 2024	Kommentar
Valkampen Distriktsstyret har hovudansvar for valkampen i heile Hordaland. DS har eit særskild ansvar for å fremje fylkesvalkampen i den lokale valkampen.	
Distriktsstyret har ansvar for å gje lokallaga naudsynt støtte til å gjennomføre valkampen og å koordinere arbeid frå fylkestingskandidatane, stortingsrepresentant og andre lokale ressursar inn i den lokale valkampen.	<i>Det vart tilsett valkampkoordinator og -sekretær. Sjå valkamprapporten.</i>
AU har i oppgåve å følgje opp valkamputvalet og valkampbudsjettet.	<i>Dette vart gjort.</i>
Raudt Hordaland arrangerer stand på Etnemarknaden 4.-6. august, og tar ansvar for å få ein debattant til debatten 4.august.	<i>Dette vart gjort.</i>
Organisasjon Organisatorisk nestleiar har ansvar for organisasjonsbygging. Saman med regionsekretær har organisatorisk nestleiar ansvar for samarbeid med eksisterande lag og regionsrepresentantar for å vidareutvikle partiorganisasjonen og arrangere kurs og samlingar.	
Styrke nettverka i regionane. I 2023 skal det gjennomførast minst ei regional samling i kvar av dei fem regionane i Hordaland i tillegg til samlingar på ulike nivå.	<i>Slike samlingar er ikkje gjennomførde i 2023.</i>
Etter valet skal DS sette i gong arbeid med evaluering av vedtekter og organisering med tanke på ein større debatt på distriktsårsmøtet i 2024.	<i>Dette arbeidet er sett i gang og vert teke opp på årsmøtet.</i>
Ekstra oppfølging av kommunestyrepraesentantar i kommunar der Raudt ikkje har vore inne før.	<i>Raudt kom inn med éin repr. i Vaksdal kommune.</i>
Politisk arbeid Politisk nestleiar har ansvar for løpande kontakt med fylkestingsgruppa og skal vere representert i samordningsstyret.	
Ta ei aktiv rolle i førebuing av saker som skal opp i fylkestinget, bistå representantane våre	<i>Pol. nestleiar deltek ikkje i dette.</i>
Ta initiativ til oppretting av utval som kan støtta opp under fylkestingsarbeidet.	<i>FTG har oppretta skyggeutval.</i>
Andre samlingar Arrangere minst ei lagsstyresamling Arrangere samling for landsmøtedelegatane	<i>Ikkje gjennomført Delegatane samordna arbeidet</i>

Distriktsstyret

I 2023 har DS hatt om lag to-månadlege styremøte, litt færre enn tidlegare år. Om lag ein gong i kvartalet vert det arrangert eit fysisk styremøte, med ei innleiing om eit politisk emne og debatt.

Valrotasjon er på plass, slik at styremedlemene har 2 års funksjonstid og halve styret er på val kvart år. Ein har dermed sikra kontinuitet i styrearbeidet.

Distriktsstyret har utarbeidd stillingsinstruks for distriktssekretæren, men ikkje styreinstruks.

AU

AU møtast som regel digitalt, og varetek det daglege ansvaret mellom distriktsstyremøta. AU har jamlege møte med distriktssekretæren. Distriktsstyret sin leiar er distriktssekretæren sin næraste leiar og har det daglege arbeidsleiaransvaret. Saman med distriktssekretæren førebur AU distriktsstyremøta og held oversikt over aktivitetar og planer i regionen.

Utvalsarbeid

Raudt Hordaland sitt fagleg-politiske utval vart leia av Terje Kollbotn fram til årsmøtet, og deretter av Hanne Mjøs Persen. I årsmøteperioden har fagleg-politisk utval hatt fokus på arbeidarkamp i privat og offentleg sektor og vidareutvikling av eit fagleg nettverk. Sjå eigen rapport frå utvalet.

I 2023 har organisasjons- og utviklingsutvalet halde fram med arbeidet sitt, leia av Eirik Furuberg. Utvalet bidreg til å konkretisera ulike arbeidsoppgåve og mandat. Sjå eigen rapport frå utvalet.

Raudt Hordaland sine representantar i samordningsstyret skal bidra til å koordinera arbeidet til dei to distriktslaga i Raudt Vestland. Dette året har det vore lite aktivitet i samordningsstyret.

Fram til valet i september 2023 var Raudt representert i ni kommunestyre i Hordaland, og i Vestland Fylkesting. I alt 16 personar vart folkevalde frå Raudt Hordaland, 13 i kommunane, 2 i Fylkestinget og 1 på Stortinget. Etter valet er Raudt representert i åtte kommunestyre i Hordaland, og i Vestland Fylkesting, med i alt 15 folkevalde: 12 i kommunane, 2 i Fylkestinget og 1 på Stortinget.

DS og folkevalde

DS har hatt tett, kontinuerleg kontakt med fylkestingsgruppa, men har ikkje prioritert ei fysisk folkevaldsamling for våre folkevalde i kommunar, fylkesting og på Stortinget i årsmøteperioden.

Tiltak MEDLEMMAR OG LOKALLAG

Nr	Planlagd gjennomføring:	2022	2023	2024	2025
1	Mål for medlemsverving: auke med 180 medlemmar per år med mål om 2000 medlemmar i 2025.	1315	1399	1820	2000
2	Verving og rekruttering i distriktskommunar, med mål om at minst 40% av medlemmane er utanfor Bergen.	?	?		
3	Starte nye lokallag i Etne og Samnanger.	√/-	-		
4	Starte nye lokallag i Sveio og Ulvik.		-		
5	Starte nye lokallag i Eidfjord og Tysnes.				
6	Starte nytt lokallag i Fitjar.				
7	Endre lokallagsstrukturen i Bergen slik at lokallaga er mest mogleg i samsvar med bydelsgrensene.	√	√		
8	Vidareføre og formalisere fadderordninga for nye lokallag.	√	-		

Tiltak ORGANISASJON, ØKONOMI OG KONTORLOKALE

Nr	Planlagd gjennomføring:	2022	2023	2024	2025
10	Auke delen medlemmar på Rødreven frå 9% til 20% innan 2025.	12%	15%	17%	20%
11	Reforhandle avtalen med Raudt Bergen og/eller lokallaga i Bergen med mål om å samle fleire inntekter til å finansiere nye kontorlokale.	?	-		
12	Inntekter basert på mål for medlemmar, Rødreven og valresultat.		564 000	710 000	744 000
13	Gjennomføre kvartalsvise møte med tilsette og brukarorganisasjonane av kontoret der ein går gjennom drift og reglar for kontorbruk.	√	√		
14	Få på plass digitalt låsesystem og digitalt bookingsystem på kontoret.	?	√		
15	Finne nye og større kontorlokale som møter behova til partiorganisasjonen.	-	-		

Tiltak TILSETTE OG FRIKJØPTE

Nr	Planlagd gjennomføring:	2022	2023	2024	2025
16	Distriktsstyret, i samarbeid med fagleg utval, opprettar eit partssamansett arbeidsmiljøutval for Raudt Hordaland.	-			

Tiltak KOMMUNIKASJON OG INFORMASJON

Nr	Planlagt gjennomføring:	2022	2023	2024	2025
17	Distriktsstyret etablerer rutinar som sørger for at alle fatta vedtak, som ikkje må skjermast på grunn av omsyn til personvern e.l., blir gjort kjent for medlemmane.	?			
18	Lokallag blir oppmoda til å ta i bruk andre digitale plattformer enn Facebook til bruk for intern kommunikasjon og debatt.	✓			
19	Organisasjonsutvalet samlar inn innspel og erfaringar ved å bruke ulike plattformer og foreslå til distriktsstyret å ta i bruk ein plattform for alle medlemmar i Raudt Hordaland.		-		

Tiltak VALKAMP

Nr	Planlagt gjennomføring:	2022	2023	2024	2025
20	Etablere valkamputval og definere sentrale roller innan eit år før valdagen.	✓			
21	Vedta plan for listestilling med mål om å stille lister i alle kommunar i Hordaland unntatt Fedje, Masfjorden og Modalen.	✓			
22	Opprette eit eige listestillingsutval og tilsette listestillingssekretær i prosjektstilling.	✓	✓		
23	Utvikle digitalt verktøy for å tildele og merke av ruter der ein har delt ut valkampmateriell.		-		

Årsrapporten til Fylkestingsgruppa er lagt ved til vitende.


Sak 5-24 Rekneskap

Hordaland

Kontonumer	Kontonavn	Utregnet surn	Budsjett Årsmøte
	Utgifter	1 144 963 kr	1 209 880 kr
3004	Frikjøp	276 290 kr	300 000 kr
3005	Frikjøp leiar	0 kr	0 kr
3006	Valkamp	549 208 kr	580 000 kr
3101	Husleie	134 880 kr	134 880 kr
3201	Porto	0 kr	1 000 kr
3401	Papir, rekvisita	0 kr	0 kr
3503	Utstyr org sekretær	0 kr	
3506	utstyr sekretærfunksjon DS	0 kr	2 000 kr
3701	Reiser	0 kr	
3702	Årsmøte	3 470 kr	10 000 kr
3703	DS Fysiske møter	6 650 kr	10 000 kr
3705	Reiser Org sekr	0 kr	
3800	Støtte til lagene møtelokaler	0 kr	0 kr
3802	Odda stønad kontorleige i Odda	15 000 kr	15 000 kr
3810	Rød Ungdom	10 000 kr	10 000 kr
3811	Bevilgninger til andre	0 kr	2 000 kr
3901	Diverse utgifter	2 059 kr	5 000 kr
3903	Fylkesstyre møtemat	0 kr	
	Kontorutgifter som deles	147 407 kr	140 000 kr
3202	Telefon, faks, internett	20 824 kr	24 000 kr
3301	Strøm	22 767 kr	30 000 kr
3502	Forsikring kontorlokaler	1 999 kr	2 000 kr
3501	Kontorutstur	8 600 kr	3 000 kr
3504	Diverse kontorutgifter	5 231 kr	16 000 kr
3505	Renhold kontor	36 842 kr	35 000 kr
3601	Kopimaskin, leie, service	51 144 kr	30 000 kr
	Inntekter	799 247 kr	911 088 kr
4001	Bevilgning Raudt sentralt	15 000 kr	
4002	Bevilgning lagene	78 500 kr	60 000 kr
4004	Returfond medl. kontingent	146 895 kr	195 000 kr
4006	Overføring fra Raudt Vestland	387 000 kr	170 000 kr
4100	Husleie Raudt Vestland	0 kr	130 128 kr
4101	Husleie -Bergen Rødt	61 821 kr	67 440 kr
4102	Husleie -NTEU	11 600 kr	10 800 kr
4202	Diverse inntekter	20 688 kr	208 620 kr
4203	Renteinntekter	14 947 kr	100 kr
	Kontorutgifter Rødt andel	62 797 kr	69 000 kr
4103	Telefon internett RBrig andel	3 353 kr	12 000 kr
4104	Strøm RBrig andel	11 384 kr	15 000 kr
4105	Kopimaskin RBrig andel	27 993 kr	15 000 kr
4107	Kontorutstyr RBrig andel	0 kr	1 500 kr
4108	Div kontor RBrig andel	1 904 kr	8 000 kr
4109	Renhold kontor RBrig andel	18 163 kr	17 500 kr
	Resultat	-345 716,57	-298 792 kr


Dag Hovland

Dag Hovland



Bridget Penny

Side 1

Balanse

Hordaland

Kontonummer	Kontonavn Beholdning	Utregnet summ	Budsjett Årsmøte
		31.12.2023	31.12.2022
1103	1103 Aksjepost Klassekampen	5 943 kr	5 943 kr
1108	1108 Konto: Landkreditt 9365.15.41504	697 547 kr	653 715 kr
1109	1109 Konto: Depositum 3624.67.99355	27 720 kr	27 720 kr
1110	1110: Konto: Landkreditt 9365 34 98347	12 674 kr	
1901	1901 Diverse tilgode	-26 292 kr	
2001	2001 Raudt sentralt - avregningskonto	-305 625 kr	44 563 kr
2002	2002 Raudt Vestland avregning	-519 424 kr	<i>-413 458 kr</i>
2021	2021 Bergen - avregn.	220 601 kr	<i>139 853 kr</i>
2691	2691 Diverse gjeld	0 kr	0 kr
2693	Skyldig feriepenger	0	-10 199 kr
	Sum beholdning	113 145 kr	
	Endring beholdning	-345 716,97	

Revisjonsberetning

Revisjon rekneskap 2023 Raudt Hordaland

Som vald revisor for Raudt Hordaland har eg gått gjennom resultatrekneskap og balanse for perioden 01.01.2023 til 31.12.2023.

Revisjonsarbeidet er gjort ut frå ferdigstilla rekneskap frå Dag Hovland. Rekneskapen er signert av kasserar Dag Hovland og leiar Bridget Penny. Rekneskap utsend først som saksdokument til årsmøtet er trekt. Grunna store endringar i grunnlaget etter sein endeleg dokumentasjon frå Raudt sentralt har kasserar og styreleiar klart å legge fram ny rekneskap 13.mars. For rekneskapspliktige organisasjonar er det vanleg at heile styret har skrive under på ferdigstilla rekneskap. Dette bør styret gjere.

Resultatrekneskap 2023 og balanserekneskap 2023 er gjennomgått og sjekka mot bankutskrifter for konto 9365.15.41504 og 9365.34.98347 (Visa debetkort) i Landkreditt, Alle føringar er kontrollert mot sentral reskonto, reskonto Rødt Bergen og Raudt Vestland.

Revisor hatt tilgang på styrereferat. Bilag på storparten av enkeltposter er mottatt som datafil utan bilagsnummer.

Rekneskapen viser resultat for 2023 med underskot Kr. 345 717,- og eigenkapital ved årsskiftet er kr 113 145,-

Avvik på underskot med 16% mot budsjett skulle normalt ha vore forklart både med noter i rekneskapen og med tekst i årsmeldinga, men som nemnd har det vore særleg tidspress for å få ferdig stilt rekneskapen. Det største avviket mot budsjett er på post 4202 diverse inntekter på kr 187 932. I dette bilete har styret kanskje klart å avgrense eit underskot som kunne vore større.

Økonomiarbeidet i Raudt Hordaland er forsvarleg og i samsvar med organisasjonen sine mål og vedtak. Styremøta har som regel økonomi som fast sak på saklista, men kasserar står aleine med føring og fakturering. Kombinert med manglande rekneskapsprogram for god nok oversikt, har det gitt tidvis for stort arbeidstrykk for kasserar. Årsmeldinga har eige punkt om økonomiarbeidet. Revisor rår til at styret vidare brukar fleire ressursar til føring av rekneskap.

Revisor er ikkje ueinig i at årsregnskapet gir et rettvisande bilde, men revisor ønsker å gjere merksam på visse forhold:

Konto 4101 som skal vise andel som Rødt Bergen betaler i husleige har ikkje med andel husleige januar 2023. Denne blei betalt i desember 2022 og andel Bergen blei gløymd teke med. **Konto 2021** viser også eit avvik kr 2311,- mellom det som Rødt Bergen la fram på sitt årsmøte og det som er summert i rekneskap Raudt Hordaland. **Tilråding er at dei to nye styrer klarer å få desse avvika avstemt i driftsår 2024**

Konto 4004 Medlemskontingent er ført med kr.146 895,- Dette stemmer ikkje med summen av de fire kvartalsummane frå sentral reskonto som blir kr.164 715,-, altså ein "positiv" forskjell på kr 17820,-. Dette beløpet er pr 30.sept ført som inntekt på utgiftspost 3006 valkamp. Påverkar ikkje underskot, men skulle stått på kontingentinntekt 4004



1/2

2001 Sentral avrekning kr.305 625 mot sentral reskontro har sum kr.359 845,- .Differanse 54 220,- er forklart som den løn valkampmedarbeidar for Raudt Vestland har fått. Enklaste er at beløpet aukar reskontro mot Raudt sentralt til det sentralt har bokført og så minkar reskontro mor Raudt Vestland (=betalt kostnad for dei). Denne endringa påverkar ikkje underskotet og gir rett bilete når Raudt Vestland skal sette opp sin rekneskap.

4002 Tilskot lag ført kr.78 500,- stemmer ikkje med den sentrale reskontro som har kr.93 250,-. Dette skuldast at her også ligg betaling frå laga for årsmøte og delegatsamling + kostnad trykking utført på Raudtkontoret i HansTanksgate. Desse inntektene som ikkje er kontingent har blitt ført som inntekt på følgende utgiftskontoar; **3006 Valkamp, 3702 Årsmøte og 3601 Kopimaskinutgifter**. Revisor meiner det skal førast som bruttokostnader og inntekter balanserast på eigne kontoar. Som eksempel kan ein anten opne konto 4105 for inntekter som også ikkje er frå Rødt Bergen, eller sette opp fleire inntektskontoar. Dette er også i samsvar med retningslinene frå SSB om innrapportering av aktiviteten i partiet.

4202 Diverse inntekter har fått stønad kr 20 000,- frå Fagforbundet Vestland. Sidan dette er for Vestland så skulle ein avklara deling med Raudt Sogn og Fjordane. Andre stønader som gjeld Vestland blir delt etter stemmetal. I 2021 blei liknande stønad frå Fagforbundet delt 50/50.

Bergen 14.03.24



.....

Frank Mo valt revisor



Raudt Hordaland

Sak 6-24 Vedtekter

VEDTEKTER FOR FYLKESDELSLAG

§ 1 Namn og formål

Fylkesdelslaget heiter Raudt Hordaland, og representerer Raudt i Hordaland.

§ 2 Årsmøtet

Årsmøtet skal handsama:

- Årsmelding
- Revidert rekneskap
- Årsplan
- Innkømne framlegg
- Budsjett
- Vedtektsendringar (dersom det er foreslått endringar)
- Val av styre
- Val av revisor(er)
- Val av valnemnd
- Val av representantar til styret i fylkeslaget

Styret blir valt for eitt år. Dersom årsmøtet ønskjer det, kan ein eller fleire medlemmar av styret blir valt for to år, men ikkje meir enn halvparten på same årsmøte. Styremedlemmar som ikkje er på val, skal også skrivast inn som medlemmar av styret i årsmøteprotokollen.

Styret kan velja å setja ned eit arbeidsutval.

Valnemnd blir vald på årsmøtet eller eit medlemsmøte.



Raudt Hordaland

Jf. sentrale vedtekter:

- *Årsmøtet skal haldast kvart år innan utgangen av mars.*
- *Til årsmøtet vel lokallaga delegatar etter medlemstal. Anna ordning kan fastsetjast i lokal vedtekt*
- *Dato for årsmøtet og delegatnøkkelen blir fastsett av styret og skal gjerast kjent minst åtte veker i forkant. Lokallag kan klaga på delegatnøkkelen innan to veker etter kunngjering. Styret må i så fall ta opp delegatnøkkelen til ny handsaming.*
- *Sakspapira til årsmøtet skal vera hos lokallaga seinast to veker før møtet*
- *Ekstraordinært årsmøte i blir halde dersom om 1/3 del av lokallaga eller 1/3 del av styret krev det. Dersom styret ikkje oppfyller pliktene sine etter vedtektene, kan landsstyret kalla inn til ekstraordinært årsmøte i fylkeslaget.*
- *Styret skal senda årsmøteprotokollen inn til partikontoret.*

Om revisor(er): revisoren treng ikkje å vera utdanna revisor eller statsautorisert. Vanlegvis er dette ein medlem som har erfaring med økonomiarbeid.

§ 3 Nominasjonar

Fylkesdelslaget stiller lister til stortingsval i valdistriktet.

Nominasjonsmøte for desse listene blir haldne med delegatar frå lokallaga i valdistriktet.

Kandidatar til dei første 5 plassane på lista skal vera kjende for lokallaga seinast ei veke før nominasjonsmøtet.

Alle lokallag i valdistriktet skal ha minst éin delegat til nominasjonsmøtet. Styret fastset resten av fordelinga av delegatar. Delegatnøkkelen må vera kjend for lokallaga minst 4 veker før nominasjonsmøtet. Lokallag kan klaga på delegatnøkkelen innan 2 veker etter kunngjeringa. Styret må i så fall handsama delegatnøkkelen på nytt.

Jf. sentrale vedtekter.

Når det skal stillast lister i fleire valdistrikt i same fylke, skal det vera separate nominasjonsmøte, der berre delegatar frå valdistriktet har stemmerett. Delegatnøkkelen vert fastset i lokal vedtekt. Ferdigstilling av lista kan delegerast til samordningsstyret når det gjeld fylkestingsval, og til fylkesstyret når det gjeld stortingsval så lenge dei gamle stortingsvalsdistrikta gjeld.

§ 4 Styret

Styret blir valt på årsmøtet og skal bestå av:

1. Leiar
2. 2 Nestleiarar
3. Økonomiansvarleg
4. Inntil 5 styremedlemmar
5. RU (sjå boks nedanfor)

Fylkestingsgruppa har møte-, tale- og framleggsrett på styremøte med den representanten dei sjølv vel.

Styret sine oppgåver:

- Forvalte Raudt Hordaland sin økonomi
- Godkjenne nye lokallag i fylket og rapportera desse inn til partikontoret
- Syta for nominasjonsprosess til stortingsval
- Syta for at fylkesdellaget foreslår kandidatar til landsstyret
- Følgja opp vedtak frå årsmøte og årsplan
- Organisere samarbeid med Raudts folkevalde i fylket og på Stortinget
- Utnemne utval og arbeidsgrupper etter behov
- Samarbeide med landsstyrerepresentanten til fylkesdelslaget
- Koordinere landsmøtedelegatar og halda førebuande møte med desse

Jf. sentrale vedtekter

Leier eller nestleiar skal vera kvinne.

Dersom RU har lag/organisering i fylket, har dei rett på ein plass i styret med stemmerett. RU bestemmer sjølve kven dei vil ha i styret.

Jf. sentrale vedtekter:

Styret skal koordinera lokallag og enkeltmedlemmer i fylket til felles handling, skolering og utvikling av politikk. Styret skal følgja opp medlemmer som står utanfor lokallag, og byggja partiet i fylket.

I landsmøteår foreslår fylkeslaga kandidatar til landsstyret i tråd med §13 i vedtektene. Fylkeslaga kan gjera dette i årsmøte, medlemsmøte eller delegatmøte.

§ 5 Økonomi

All bruk av midlane til laget skal attesterast av to styremedlemmar.



Raudt Hordaland

Utbetalningar over kr. 5.000 skal vera forankra i eit formelt vedtak frå eit styremøte, medlemsmøte eller årsmøte.

Løyvingar frå fylkeskommunen til fylkestingsgruppa blir disponerte av gruppa. Ved usemje om bruken av løyvinga avgjer fylkesstyret korleis midlane skal disponerast innanfor gjeldande reglement. Dei folkevalde representantane har rett til å delta i drøftingane.

Første ledd inneber ei sikring mot eventuelle underslag, og omfattar alle middel laget har på ein eigen bankkonto og midlar laget har inneståande hos partiet sentralt.

§ 6 Vedtekter

Vedtektene kan berre endrast på årsmøte. Endring krev kvalifisert fleirtal, 2/3 av dei med stemmerett på årsmøtet.

Frist for å fremja forslag til endring av vedtektene er to veker før årsmøtet. Det kan berre gjerast endringar som heng saman med dei framlegga som er sendt inn før forslagsfristen er ute.

Vedtektene trer i kraft med ein gong dei er vedtekne. Dersom vedtektene er annleis eller har ytterlegare innhald enn standardvedtektene, trer desse i kraft først når dei er godkjende av landsstyret.

Ved usemje om tolking av vedtektene avgjer sentralstyret, med anketilgang til landsstyret.

Organisasjons- og utviklingsutvalet oppmodar årsmøte til å vedta enten modell 1b eller 2b, sekundært modell 1 eller 2

Modell 1: Styresamansetjing omlag som no. AU har ansvar for drift av organisasjonen og fullmakter til å handsame alle organisatoriske spørsmål. Styret har ansvar for å hjelpe og støtte laga, og har elles berre ein politisk rolle. Styremøte omlag 4 gonger årleg. AU-møte 1-2 gonger i månaden.

Modell 1b: AU har ansvar for drift av organisasjonen og fullmakter til å handsame alle organisatoriske spørsmål. Styret har ansvar for å hjelpe og støtte laga, og har elles berre ein politisk rolle. Styremøte omlag 4 gonger årleg. AU-møte 1-2 gonger i månaden. Redusere styret ved å gå vekk frå representantskap til ein tillitsvalt modell. Faglegpolitisk ansvarleg flyttast ut av AU og blir ein av 5 styremedlem som er vald på årsmøtet. Dei 4 andre styremedlemmane av distriktsstyret er utan portefølje eller spesifikk geografisk bakgrunn. Det er ikkje varar til AU eller DS. Utvalsleiarar, gruppeleiar frå fylkestinget, stortingsrepresentantar frå distriktet, landsstyrerepresentantar frå distriktet, og sentralstyrerepresentantar frå distriktet mister møterett, forslagsrett og talerett for sjølve møta. Likevel, har dei forslagsrett i forkant av møter, og kan bli kald inn til enkeltsaker og får møte, tale og forslagsrett i den enkeltsaka dei er kald inn til.

RU kan få ein i styret om det er ønskeleg frå deira side, og dei har ikkje møteplikt. Samordningsstyret skal ha ansvar for å samordne arbeidet mellom fylkeslaga i Hordaland og Sogn og Fjordane, samt vere eit organ som følgjer opp og avklarar politisk usemje og uklarheit i fylkestingsgruppa.

Modell 2: Som modell 1, men med redusert AU til leiar, nestleiar og kasserar. Politisk nestleiar sit i DS, men ikkje i AU.

Modell 2b: Som modell 1, men med redusert AU til leiar, nestleiar og kasserar. Politisk nestleiar sit i DS, men ikkje i AU. Redusere styret ved å gå vekk frå representantskap til ein tillitsvalt modell. Ut av dei 5 styremedlemmane av distriktsstyret er ein politisk nestleiar, og 4 er utan portefølje eller spesifikk geografisk bakgrunn. Det er ikkje varar til AU eller DS. Utvalsleiarar, gruppeleiar frå fylkestinget, stortingsrepresentantar frå distriktet, landsstyrerepresentantar frå distriktet, og sentralstyrerepresentantar frå distriktet mister møterett, forslagsrett og talerett for sjølve møta. Likevel, har dei forslagsrett i forkant av møter, og kan bli kald inn til enkeltsaker og får møte, tale og forslagsrett i den enkeltsaka dei er kald inn til. RU kan få ein i styret om det er ønskeleg frå deira side, og dei har ikkje møteplikt

Samordningsstyret skal ha ansvar for å samordne arbeidet mellom fylkeslaga i Hordaland og Sogn og Fjordane, samt vere eit organ som følgjer opp og avklarar politisk usemje og uklarheit i fylkestingsgruppa.

Grunngeving frå Organisasjons- og utviklingsutvalet

Må ta opp at RU skal vere representert i alle organer, heller at dei kan vere der dei vill sitte. Heller ta kontakt med RU når me treng eit RU-perspektiv. Snakke meir om korleis ein tek kontakt med RU og ein større bevisstgjerung om kven RUarar er. Eigne e-postadressar er viktig. Transparans og eigen webside for dokument

Organisasjonar og organisasjonsstruktur er utroleg viktig, og har mykje å seie for korleis ein arbeidar, og kor bra ein arbeidar. Strukturen slik den er i partiet i dag legger opp til at det er mange verv på få personar, og det er vanskeleg å drifte partiet i lengden. I dag fungerer strukturen i distriktsstyret dårleg, og ein slit spesielt med å løfte opp politiske saker og utvikle politikk. Derfor støtter Organisasjons- og utviklingsutvalet å redusere verv og møtande personar og møter i distriktsstyret, slik at dei som møter kan fokusere på det politiske arbeidet, og heller ha ein meir reindyrka arbeidsutval som står for den daglege driften av fylkesorganisasjonen.

Distriktsrepresentantane har i hovudsak rapportert frå aktivitet i eige lag og i liten grad fungert til å løfte politiske saker til fylkesnivå eller som verktøy for organisering i distrikta. Det blir nok ein betre forankring og oppfølging av lokallaga i fylket om man heller har ein lagsleiarsamling eller to i løpet av året, enn med dagens geografiske representantskapsmodell.

Sjølv om RU har rett på ein representant i alle organ til Raudt, så er det i praksis ikkje gjennomførbart og man ender opp med å brenne ut engasjementet til ungdom før dei er fylt 18 år. Slik kan det ikkje fortsette. Derfor foreslår me at RU kun skal møte om dei har lyst og føler ei trong for å møte, men dei skal ikkje ha møteplikt, slik at dei kan fokusere på å ta vare på seg sjølv og eigen organisasjon. Raudt kan ta kontakt med RU når det er eit sterkt behov for deira perspektiv, i staden for at dei skal sitte med på timesvis med møter som ikkje har noko med dei sjølve å gjere. Me i Raudt må og innsjå og vere veldig klar over korleis me forholdt oss til RU sine medlem. Flesteparten er under 18 år og er barn, då er det uakseptabelt av fullt vaksene folk i Raudt å sende dei ei melding på messenger klokka 11 om natta. Det er uakseptabelt heilt uavhengig av tema i meldinga, og me kan gjere slik me gjer med kvarande og heller sende ein e-post.



Raudt Hordaland

Gjeldande vedtekter:

LOKALE VEDTEKTER FOR Raudt Hordaland

§1 Styret sine oppgåver i tillegg til sentrale vedtekter

- Iverksette årsmøtets vedtak.
- Administrere og føre nødvendig kontroll med organisasjonens økonomi
- Oppnemna etter behov komitear/utval for spesielle oppgåver og utarbeide instruks for desse.
- Styret har innafor dei økonomiske rammene frå årsmøtet fullmakt til omdisponeringar inntil kr. 20000,-

§2 Styret si samansetjing

Leiar, organisatorisk nestleiar, politisk nestleiar, økonomiansvarleg, 1 styremedlem, gruppeleiar for Raudt på fylkesting Vestland, Raud Ungdom representant frå Hordaland, 5 regionsrepresentantar frå regionane Nordhordland, Midthordland, Sunnhordland, Voss og Hardanger. Leiar i fagleg-politisk utval skal vere fast medlem av styret med nestleiar som vara.

Til saman 13 personar med røysterett.

Styret er funksjonsdyktig når minst halvparten av dei 13 representantane er til stades.

Representantane frå Raudt Hordaland i Raudt sitt Sentralstyre, i Raudt sitt Landsstyre (med varaer i rekkje) og i Raudt si stortingsgruppe blir kalla inn på styremøtene med tale- og forslagsrett.

§3 Arbeidsutval for styret

Arbeidsutvalet er eit saksførebuande organ som tilrettelegg saker og hjelper leiar med å sette opp styremøtene. Arbeidsutval har fullmakt til å avgjere mindre økonomiske omdisponeringar i budsjett. Sum avgrensast til kr. 5000,- Styret kan gje fullmakter til oppgåver som elles skal avgjerast i styrevedtak. Referat frå møter i Arbeidsutvalet blir å dele med alle representantane i styret.

Arbeidsutvalet består av:

Leiar, organisatorisk nestleiar, politisk nestleiar, økonomiansvarleg og fagleg-politisk leiar. Fritt vald styremedlem er vara til møter i AU og skal ha møteinnkallingar og har møterett.

§4 Distriktsårsmøtet

I tillegg til representasjonen bestemt etter sentrale vedtekter §9-2 har Raud Ungdom Hordaland rett på delegatar til distriktsårsmøtet. For å fastsetje tal RU-delegater reknast RU-medlemmene i Hordaland som eitt lag, og ein følger delegatnøkkel som er kunngjort. Distriktsårsmøtet må følgje sentrale vedtekter §13.1 med omsyn til minst 50 prosent kvinner. Sitjande distriktsstyre skal gjere merksam på dette i innkallinga. Med heimel i denne vedtekta skjer årsmøtevedtaket med simpelt fleirtall der alle valde delegatar deltek i røystinga.

§5 Val av styret

Distriktsårsmøtet vel representantane etter innstilling frå valnemnd. To års funksjonstid, slik at om lag halvparten står til val kvart år. Unnateke er RU representant og vara der Raud Ungdom Hordaland annakvart år innstiller på representant/vararepresentant, og gruppeleiar med vara i Raudt fylkestingsgruppe der fylkestingsgruppa organiserer val av gruppeleiar med vara og melder dette inn til distriktsårsmøtet.

For dei andre styremedlemmene er det valnemnd som innstiller til distriktsårsmøtet. Distriktsårsmøtet har det samla ansvaret for at kjønnsbalansen er i tråd med sentrale vedtekter.

Ved fråfall i årsmøteperiode er det vara som trer inn. For lengre fråfall bør årsmøtet velje supplering ut den opprinnelege toårsperioden.

§6 Representasjon i Samordningsstyret Raudt Vestland

F.o.m. distriktsårsmøta 2022, skal kvart årsmøte velje fire av sine distriktsstyremedlemar til samordningsstyret for Raudt Vestland. Den eine av desse fire skal vere Raud Ungdom (RU) sin representant i distriktsstyret. Det skal veljast to vararepresentantar for dei tre ordinære representantane i samordningsstyret og ein vararepresentant for RU-representanten. Gruppeleiar i fylkestinget skal ha tale-,



Raudt Hordaland

forslags- og stemmerett i samordningsstyret. Fylkestingsgruppa skal oppnemna vararepresentant for gruppeleiar som møter med same rettar som gruppeleiar når gruppeleiar har meldt forfall.

§7 Økonomireglement

Ansvarsforhold:

Årsmøtet til Raudt Hordaland har det overordna ansvaret for disponeringa av Raudt Hordaland sine økonomiske midlar gjennom å vedta budsjett og godkjenne rekneskapen. Styret Som organisasjonens utøvande organ, disponerer styret organisasjonen sine midlar etter retningslinjer gjeve av årsmøtet. Styret er ansvarleg for:

- Å effektivere alle vedtak av økonomisk karakter.
- Organisasjonens rekneskapsføring og budsjettkontroll.
- At organisasjonen har ei god og effektiv økonomiforvaltning.
- Å utarbeide rekneskapsrapportar og framlegg til budsjett til årsmøtet.

Revisor

Revisor fører kontroll med at rekneskapen er utført i samsvar med god rekneskapsskikk. Rekneskapen skal reviderast for kvart kalenderår og bli lagt fram til godkjenning på årsmøtet.

Fullmakter

Styret har, ved ståande fullmakt og inntil anna blir bestemt av årsmøtet, rett til å bestille varer eller tenester på Raudt Hordaland sine vegne i følge gjeldande budsjett. Prokura blir gjeve til kasserar og denne får dermed fullmakt til å disponera Raudt Hordaland sin bankkonto.

Utlegg

Når styremedlemmar eller andre har hatt utlegg som skal tilbakebetalast må kvittering og Raudt sitt utleggsskjema bli levert/sendt på mail til kasserar så snart som mogleg, og seinast 2 månader etter at innkjøpet er gjort.

Reiserefusjon

Refusjon av reiseutgifter krev korrekt utfylling og underskriving av skjema for



Raudt Hordaland

reiserekning, samt kopi av billetter / kvitteringar som dokumenterer utgiftene.

Henvisningar

Økonomireglementet skal være i samsvar med organisasjonens vedtekter og er underordna desse.

§8 *Ikrafttredelse*

Lokale vedtekter er gjeldande frå vedtak på årsmøte. Endringar kan gjerast av årsmøte med 2/3 fleirtal

Handlingsplan Raudt Hordaland 2024

Viktige prioriteringar

Raudt Hordaland skal også i denne styreperioden delta i politiske og sosiale kampar av nasjonal og lokal karakter. Raudt Hordaland skal fronte politikken til Raudt sentralt, jobbe lokalt med saker som er aktuelle i Hordaland, og sette politiske saker på dagsorden på ulike politiske nivå.

Den viktigaste oppgåva for distriktsstyret i perioden er arbeidet med å bygge organisasjonen og støtte dei folkevalde, for å klargjere heile organisasjonen på alle nivå med sikte på stortingsvalet 2025. Politisk skal Raudt Hordaland prioritera å bygge vidare på alliansar med fagrørsla og miljørørsla, med fokus på å motverka fattigdom, og arbeide for god kraftpolitikk, naturmangfald og klimaarbeidsplassar på Vestlandet.

Raudt har mange medlemmar, både i Bergen og i distrikta, men desse tala vert ikkje avspegla i auka aktivitetsnivå alle stader. Distriktsstyret har ansvar for å aktivisera medlemmane over heile distriktet, også der vi ikkje har lokallag. Dette arbeidet vert gjort i samarbeid med regionsekretær, større lokallag, kommuneorganisasjonen Raudt Bergen og fylkestingsgruppa. I 2024 skal distriktsstyret, saman med regionsekretær, halde oversikt over aktivitetar i lokallaga og med folkevalde i Hordaland, og arbeide for at medlemmane i alle regionane har tilgang på aktivitetar og politiske møteplassar.

Samansetjing av styret, styrets funksjon

I Hordaland er dei fysiske avstandane store, og det er viktig å legge til rette for god politisk aktivitet i heile distriktet. Distriktsstyret har ansvar for å koordinere dette mellom laga.

Distriktsstyret skal ha ei politisk innretting og på alle fysiske møte ha politisk innleiing og diskusjon.

Det årsmøtevalde samordningsstyret for Vestland fylke er samarbeidsorgan for organisasjonsleddet Raudt Vestland. Distriktsstyret i Hordaland har ansvar for å følgje opp samarbeidsavtalen frå vår side. Distriktsstyret vil halda fram arbeidet med å klargjere dei politiske og organisatoriske ansvarsområda mellom dei to distriktsstyra og samordningsstyret i samarbeid med organisasjons- og utviklingsutvalet og samordningsstyret.

Distriktsstyret har arbeidsleiaransvar for tilsette i distriktslaget, medan Raudt sentralt har det formelle arbeidsgjevaransvaret. Som arbeidarane sitt parti er det viktig å halde fokus på vår rolle som arbeidsgjevar, og vidareutvikle denne rolla med støtte frå Raudt sentralt.

Distriktsstyret har det organisatoriske ansvaret for å koordinere aktivitetar, og å halde kontakt med gruppeleiar og resten av fylkesgruppa i Fylkestinget. Distriktsstyret er også talerøyr for framlegg frå lokallaga inn i Fylkestinget.

Distriktsstyret held kontakt med landsstyreprerentanten, direktevalde representantar i Sentralstyret og Hordaland sin stortingsrepresentant, og støtter opp om desse.

Organisasjonsbygging og valkampførebuing

Dei overordna måla til Raudt Hordaland og til DS er å koordinera partiet sitt arbeid med å synleggjera politikken vår, verva nye medlemmer, styrka lokallaga og etablera nye lag, i nært samarbeid med regionssekretæren. Arbeidet med å førebu valkampen opp mot stortingssvalet i september 2025 vert ei viktig oppgåve for distriktsorganisasjonen i 2024, med strategi- og nominasjonsarbeid.

Distriktsstyret ønskjer å legge til rette for god programprosess i lokallaga inn mot Landsmøtet i 2025.

Det vert arbeidd med å auka medlemstalet i 2024.

Distriktsstyret sine politiske målsettingar er vanskelege å realisera, fordi mykje av DS si tid og merksemd går til organisatorisk arbeid. Det er framleis ikkje klårt korleis ansvaret for politiske initiativ best kan verta knytt opp mot vedteken årsplan og budsjettamma for Raudt Hordaland.

Kommunepolitikarane våre jobbar mest i eigen kommune og saman med sine eigne lag, og ikkje så mykje opp mot distriktsorganisasjonen. Det er utarbeidd ein plan for å endra modellen for DS-arbeidet, slik at det vert meir rom for politisk arbeid. Iverksetting av denne planen vert førebudd i 2024, og målet er å ha ny styrestruktur på plass etter årsmøtet i 2025. I samband med dette vert det òg arbeidd med styreinstruks og instruks for leiar, nestleiar og økonomiansvarleg.

Distriktsstyret skal utarbeide stillingsinstruks for distriktssekretæren i første halvår 2024.

AU

AU møtast som regel digitalt, og varetek det daglege ansvaret mellom distriktsstyremøta. AU har jamlege møte med distriktssekretæren. Saman med distriktssekretæren førebur AU distriktsstyremøta og har det organisatoriske ansvaret for den daglege drifta.

Utvalsearbeid

Raudt Hordaland sitt fagleg-politiske utval skal ha fokus på arbeidarkamp i privat og offentleg sektor og vidareutvikling av eit fagleg nettverk.

Organisasjons- og utviklingsutvalet skal halde fram med arbeidet sitt. Utvalet bidreg særleg til å konkretisera ulike arbeidsoppgåve, målsettingar og mandat.

Raudt Hordaland sine representantar i samordningsstyret skal bidra til å koordinera arbeidet til dei to distriktslaga i Raudt Vestland.

Samlingar:

Distriktsstyret ønsker å arrangere desse samlingane i løpet av 2024.

* Fagleg samling

* Nominasjonsmøte med samstundes strategimøte og regionale prioriteringar frå programmet

* Lagleiarsamling (i samband med nominasjonsmøtet?)

* Folkevaldsamling

DS og folkevalde

Samordningsstyret skal halde tett, kontinuerleg kontakt med fylkestingsgruppa. Distriktsstyret må likevel halde løpande kontakt med fylkestingsgruppa og arbeide for å få opp politiske saker frå distriktet til handsaming i fylket og halde seg løpande orientert om det politiske arbeidet .

Det er ønskeleg å ha 1-2 fysiske folkevaldsamlingar for våre folkevalde i kommunar, fylkesting og på Stortinget i årsmøteperioden. Desse gjennomførast i tett samarbeid med samordningsstyret og Raudt Sogn og Fjordane.

I 2024 er Raudt representert i åtte kommunestyre i Hordaland, og i Vestland Fylkesting, med i alt 14 folkevalde: 11 i kommunane, 2 i Fylkestinget og 1 på Stortinget.

Konkrete tiltak frem til årsmøtet 2025

Gjennomføring:

<p>Valkampen Distriktsstyret har hovudansvar for valkampførebuingar i Hordaland. Når det er lokalval har DS eit særskild ansvar for å fremje fylkesvalkampen i den lokale valkampen. I stortingsvalkamp har DS eit særskilt ansvar for å konkretisera og synleggjera Raudt sin politikk i høve veljarar i Hordaland.</p>	
<p>Innan eit år før valdagen:</p> <ul style="list-style-type: none"> ● etablere valkamputval ● definere sentrale roller. 	
<p>Klargjere organisasjonen med sikte på stortingsvalet 2025, i høve:</p> <ul style="list-style-type: none"> ● program ● strategi ● nominasjon 	
<p>Organisasjon Organisatorisk nestleiar har eit særleg ansvar for utvikling av organisasjonen. Saman med regionssekretær har organisatorisk nestleiar ansvar for å:</p> <ul style="list-style-type: none"> ● samarbeide med eksisterande lag og regionsrepresentantar ● aktivisera medlemmane over heile distriktet ● halde oversikt over aktivitetar med lokallaga og folkevalde i Hordaland ● arbeide for at medlemmane i alle regionane har tilgang på aktivitetar og politiske møteplassar. ● etablere rutinar slik at alle vedtak som ikkje må skjermast blir gjort kjende for medlemmane. ● styrke nettverka i regionane. ● arrangere kurs og samlingar. ● støtte dei folkevalde 	
<p>Styrearbeid</p> <ul style="list-style-type: none"> ● førebu ny styrestruktur ● utarbeide stillingsinstruks for distriktssekretæren ● utarbeide styreinstruks og instruks for leiar, nestleiar og økonomiansvarleg 	

<p>Politisk arbeid Politisk nestleiar har eit særleg ansvar for distriktsstyret si politiske rolle. Saman med regionsekretær, fagleg-politisk utval og folkevalde har politisk nestleiar ansvar for å:</p> <ul style="list-style-type: none"> • fremje den heilskaplege politikken til Raudt • setje politiske saker på dagsorden på ulike politiske nivå • jobbe lokalt med saker som er aktuelle i Hordaland • koordinera politiske og sosiale kampar av nasjonal og lokal karakter • legge til rette for politisk usemje • leggje til rette for politiske diskusjonar og aktivitetar • vareta den politiske sida ved arbeidet i samordningsstyret • støtte våre folkevalde i kommunar og fylke • halde tett kontakt med fylkestingsgruppa • ta ei aktiv rolle i førebuing av saker som skal opp i fylkestinget 	
<p>Fagleg-politisk utval har eit særleg ansvar for å:</p> <ul style="list-style-type: none"> • bygge vidare på alliansar med fagrørsla og miljørørsla, med fokus på å motverka fattigdom og arbeide for god kraftpolitikk, naturmangfald og klimaarbeidsplassar på Vestlandet. 	
<p>Arrangere samlingar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • minst ei lagsstyresamling • samling for landsmøtedelegatane • minst ei fagleg samling • nominasjonsmøte med samstundes strategimøte og regionale prioriteringar i program • lagleiersamling i samband med nominasjonsmøtet • folkevaldsamling 	

Tiltak frå organisasjons- og utviklingsutvalet sin rapport i 2022:

Tiltak MEDLEMMAR OG LOKALLAG

Nr	Planlagt gjennomføring:	2022	2023	2024	2025
1	Mål for medlemsverving: auke med 180 medlemmar per år med mål om 2000 medlemmar i 2025.	1315	1399	1820	2000
2	Verving og rekruttering i distriktskommunar, med mål om at minst 40% av medlemmane er utanfor Bergen.	?	?		
3	Starte nye lokallag i Etne og Samnanger.	√/-	-		
4	Starte nye lokallag i Sveio og Ulvik.		-		
5	Starte nye lokallag i Eidfjord og Tysnes.			-	
6	Starte nytt lokallag i Fitjar.				-
7	Endre lokallagsstrukturen i Bergen slik at lokallaga er mest mogleg i samsvar med bydelsgrensene.	√	√		
8	Vidareføre og formalisere fadderordninga for nye lokallag.	√	-		

Tiltak ORGANISASJON, ØKONOMI OG KONTORLOKALE

Nr	Planlagt gjennomføring:	2022	2023	2024	2025
10	Auke delen medlemmar på Rødreven frå 9% til 20% innan 2025.	12%	15%	17%	20%
11	Reforhandle avtalen med Raudt Bergen og/eller lokallaga i Bergen med mål om å samle fleire inntekter til å finansiere nye kontorlokale.	?	-		
12	Inntekter basert på mål for medlemmar, Rødreven og valresultat.		564 000	710 000	744 000
13	Gjennomføre kvartalsvise møte med tilsette og brukarorganisasjonane av kontoret der ein går gjennom drift og reglar for kontorbruk.	✓	✓		
14	Få på plass digitalt låsesystem og digitalt bookingsystem på kontoret.	?	✓		
15	Finne nye og større kontorlokale som møter behova til partiorganisasjonen.	-	-		

Tiltak TILSETTE OG FRIKJØPTE

Nr	Planlagt gjennomføring:	2022	2023	2024	2025
16	Distriktsstyret, i samarbeid med fagleg utval, oppretta eit partssamansett arbeidsmiljøutval for Raudt Hordaland.	✓			

Tiltak KOMMUNIKASJON OG INFORMASJON

Nr	Planlagt gjennomføring:	2022	2023	2024	2025
17	Distriktsstyret etablerer rutinar som sørger for at alle fatta vedtak, som ikkje må skjermast på grunn av omsyn til personvern e.l., blir gjort kjent for medlemmane.	?			
18	Lokallag blir oppmoda til å ta i bruk andre digitale plattformer enn Facebook til bruk for intern kommunikasjon og debatt.	✓			
19	Organisasjonsutvalet samlar inn innspel og erfaringar ved å bruke ulike plattformer og foreslå til distriktsstyret å ta i bruk ein plattform for alle medlemmar i Raudt Hordaland.		-		

Tiltak VALKAMP

Nr	Planlagt gjennomføring:	2022	2023	2024	2025
20	Etablere valkamputval og definere sentrale roller innan eit år før valdagen.	✓			
21	Vedta plan for listestilling med mål om å stille lister i alle kommunar i Hordaland unntatt Fedje, Masfjorden og Modalen.	✓			
22	Opprette eit eige listestillingsutval og tilsette listestillingssekretær i prosjektstilling.	✓			
23	Utvikle digitalt verktøy for å tildele og merke av ruter der ein har delt ut valkampmateriell.				

Sak 8-24: Budsjett

Budsjett 2023	Regnskap 2023	Budsjettforslag 2024	
1 209 880 kr	1 144 963 kr	606 340 kr	Sum utgifter
300 000 kr	276 290 kr	307 000 kr	Distriktssekretær
0 kr		0 kr	
580 000 kr	549 208 kr		Valkamp
134 880 kr	134 880 kr	140 340 kr	Husleie
1 000 kr		0 kr	Porto
			Papir, rekvisita
2 000 kr		0 kr	utstyr sekretærfunksjon DS
10 000 kr	3 470 kr	7 000 kr	Årsmøte
10 000 kr	6 650 kr	9 000 kr	DS Fysiske møter
			Fysiske samlinger
		15 000 kr	Faglig-politisk utvalg
0 kr			
15 000 kr	15 000 kr	15 000 kr	Odda stønad kontorleige i Odda
10 000 kr	10 000 kr	0 kr	Rød Ungdom
2 000 kr		2 000 kr	Bevilgninger til andre
5 000 kr	2 059 kr	5 000 kr	Diverse utgifter
24 000 kr	20 824 kr	14 000 kr	Telefon, faks, internett
30 000 kr	22 767 kr	24 000 kr	Strøm
2 000 kr	1 999 kr	2 000 kr	Forsikring kontorlokaler
3 000 kr	8 600 kr	3 000 kr	Kontorutstur
16 000 kr	5 231 kr	5 000 kr	Diverse kontorutgifter
35 000 kr	36 842 kr	20 000 kr	Renhold kontor
30 000 kr	51 144 kr	38 000 kr	Kopimaskin, leie, service
997 960 kr	799 247 kr	597 970 kr	Sum inntekter
	15 000 kr		
60 000 kr	78 500 kr		Støtte lagene
195 000 kr	146 895 kr	180 000 kr	Kontingentandel
387 000 kr	387 000 kr	250 000 kr	Overføring Vestland kombinert
		15 000 kr	Egenandel møter
67 440 kr	61 821 kr	70 170 kr	Husleie -Bergen Rødt
10 800 kr	11 600 kr	10 800 kr	Husleie -NTEU
208 620 kr	20 688 kr	0 kr	Diverse inntekter
100 kr	14 947 kr	20 000 kr	Renteinntekter
12 000 kr	3 353 kr	7 000 kr	Telefon internett RBrG andel
15 000 kr	11 384 kr	12 000 kr	Strøm RBrG andel
15 000 kr	27 993 kr	19 000 kr	Kopimaskin RBrG andel
1 500 kr		1 500 kr	Kontorutstyr RBrG andel
8 000 kr	1 904 kr	2 500 kr	Div kontor RBrG andel
17 500 kr	18 163 kr	10 000 kr	Renhold kontor RBrG andel
-211 920 kr	-345 717 kr	-8 370 kr	Resultat

Framlegg nummer:	8-24-1
Framlegg frå:	Raudt Ullensvang
Framlegg til:	Budsjett
Kommunalpolitisk konferanse	
